


Det Norske Samlaget



Jens Bjelkes gate 12
Boks 4672 Sofienberg
N-0506 OSLO
Telefon +47 22707800
Telefaks +47 22687502
Bankgiro 8101.07.00159
Org.nr. 935 305 314 MVA

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Oslo, 21. oktober 2004

UNESCO – KONVENSJON OM KULTURELT MANGFALD

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget er ikkje på lista over høyringsinstansar i samband med utkastet til UNESCO-konvensjon om kulturelt mangfald. Vi har derfor ikkje vore underretta om fristen for å sende inn merknadar. Likevel har vi interesser i saka, og etter avtale med avdelingsdirektør Lien i departementet sender vi inn fråsegna vår i veke 43.

Språkleg mangfald er ein sentral del av det kulturelle mangfaldet

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget stiller seg uforståande til at UNESCO fremjar ein konvensjon om kulturelt mangfald utan også å inkludere det språklege mangfaldet i denne. Vi vil derfor be om at Noreg tek opp med UNESCO at dette må bli innarbeidd i det endelege konvensjonsframlegget.

Språkleg mangfald har lenge vore sentralt i UNESCOs arbeid for eit kulturelt mangfald. I UNESCOs universelle erklæring om kulturelt mangfald som blei vedteke på organisasjonens 31. generalkonferanse i 2001 kjem dette til uttrykk både i artiklane 5 og 6 og i punkta 5, 6 og 10 i den vedtekne handlingsplanen. Særleg vil vi her framheve *Artikkel 5 – Kulturelle rettar som bidrag til å fremje kulturelt mangfald*. Her heiter det mellom anna at "Alle mennesker bør derfor ha muligheten til å uttrykke seg og til å skape og utbre sine arbeider på det språket de ønsker, og særleg sitt morsmål."

Språkleg mangfald som ein sentral og uløyselig del av kulturelt mangfald kjem også til uttrykk i UNESCOs handlingsplan for kulturpolitisk utvikling. Heile *Målsetting 4 – Fremme kulturelt og språkleg mangfold i informasjonssamfunnet* – dreier seg om dette. Vi meiner derfor at det også er i tråd med hovudlinjene i UNESCOs arbeid at retten til språkleg mangfald blir innarbeidd i ein UNESCO-konvensjon om kulturelt mangfald og ber departementet målbere dette synspunktet i si høyringsfråsegn til UNESCO.

Meir spesifikt meiner vi dette må komme til uttrykk i alle fall i Preamble og i artiklane 2.2, 3, 4.1, 4.2, 7.1.a. og 18 ved at "language" og retten til "language diversity" blir innarbeidd.

Ytringsfridom og kulturel relativisme


Sjølv om på fleire punkt i konvensjonen vert vist til fundamentale menneskerettar, ikkje minst ytringsfridomen, er det stor fære for at også denne UNESCO-konvensjonen – om dette utkastet vert lagt til grunn - kan misbrukast av dei meir autoritære delane av verdssamfunnet. Den etter måten sterke understrekinga av at alle kulturar kan utvikle seg og halde fast på dei kulturelle praksisane sine ut frå egne føresetnader, kan ikkje kallast anna enn kulturel relativisme. Og formuleringar, til dømes i artikkel 2.4, artikkel 3 og delar av artikkel 4, kan tvillaust misbrukast til å setje dei undertrykkande praksisar i ein kultur over grunnleggjande menneskerettar. Eit ekstremt tilfelle er sjølvsagt kvinneleg omskjæring, men også fleire aust-aseatiske lands insistering på såkalla aseatiske verdiar i internasjonale samanhengar, som nettopp vert grunngeve med retten til å halde fast på eigen kulturell praksis, er blitt nytta til å forsvare grunnleggjande brot på menneskerettane og overgrep mot ytringsfridomen.

Det er elles verd å merke seg at framlegget til ein ny UNESCO-konvensjon skil seg frå den siste Human Development Report frå UNDP – Cultural Liberty in Today's Diverse World – på dette punktet. For i denne rapporten vert det streke under at det dreier seg om kulturell fridom, ikkje om "diversity" - og det er ein vesenskilnad.

Samarbeidspartnarar og utvikling (Artikkel 18)

Litteraturselskapet ser det som positivt og stør at konvensjonen fokuserer på behovet for "innovative partnerships" mellom offentleg og privat sektor for å fremje kulturelt mangfald. Vi meiner dette er eit like sentralt kulturpolitisk verkemiddel i forhold til språkleg mangfald. Dette er også reflektert i Kulturmeldinga som regjeringa la fram i 2003. Det er viktig å vidareutvikle og byggja ut slik samarbeid. Det Norske Samlaget har lang røynsle med å vere mellom dei fremste samarbeidspartnarane for det offentlege i Noreg når det gjeld å halde i hevd det nynorske språket og ein nynorsk skriftkultur. Vi er derfor nøgde med at framlegget til UNESCO-konvensjon framhever at det er viktig å leggje forholda til rette for slikt samarbeid.

Med vennleg helsing
DET NORSKE SAMLAGET


Kjellbjørg Lunde
Leiar


Audun Heskestad
Forlagssjef